



Se adresseliste

Saksbehandlar, innvalstelefon

Bjarte Benberg, 71 25 84 83

Oppstartsmelding - arbeid med marint vern i Giske kommune

Fylkesmannen i Møre og Romsdal melder med dette oppstart av arbeidet med å vurdere eit sjøområde i Giske som marint verneområde etter § 42 i naturmangfaldlova og kapittel VII i forvaltingslova. Dette er eit ledd i arbeidet med å verne eit representativt utval av norsk natur for kommande generasjonar.


Informasjonsmøte vil bli halde på Giske rådhus 13. mai kl. 1630. Innspel til oppstartsmeldinga kan sendast til Fylkesmannen. Frist for innspel er 16. mai.

Oppstartsmeldinga markerer starten på ein prosess som skal resultere i eit konkret forslag til marint vern, med framlegg til verneforskrift med vernereglar, avgrensing, og verneverdiar. Hensikta med oppstartsmeldinga er at alle partar får høve til å medverke til utforminga av høyringsforslaget og komme med innspel. *Særleg ønskjer vi innspel på noverande bruk og planar for framtidig bruk av områda, samt innspel på grensa for området.* Arbeidet blir gjennomført etter oppdrag frå Klima- og miljødepartementet og Miljødirektoratet.

Eit breitt samansett nasjonalt, rådgivande utval kom i 2004 med si endelege tilråding om område som skulle oppfylle nasjonale mål om vern av undersjøisk natur. Giske var med blant 36 føreslåtte område. Arbeidet med marint vern er forankra i stortingsmelding 14 «Natur for livet» (2015-2016).

Planområde

Planområdet ligg i sin heilheit i Giske kommune i Møre og Romsdal fylke, og er omlag 68 km² stort. Området omfattar sjøområdet mellom Valderøy, Vigra og Giske. Planområdet inkluderer også Giskerevet.



Figur 1. Den ytre avgrensinga av utgreiingsområdet for marint vern ved Giske.

Verneverdiar og -formål

Området Giske er eit gruntvassområde som ligg like vest for Ålesund. Dette er eitt av dei få områda i Sør-Noreg med store grunne areal med sand- og mudderbotn. Det omfattar dei grunne områda vest for øyane Vigra og Giske. Giskerevet strekker seg som et grunt parti frå langgrunne tidevassområder nord og vest for Giske nordvestover mot øya Erkna. Her består botn av sand, skjelsand og stein. Mellom Giskerevet og Vigra går det ei djupare renne innover mot Valderøya. Her er det i hovudsak sandbotn med noko mudder i dei djupaste og inste delane. På sør- og vestsida av Vigra er det langgrunne tidevassområde særleg i Vikane, Synnesvågen og Rørvikvågen. Utanfor Rørvikvågen er det eit avgrensa djupare parti med sandbotn. Rundt dette er det gruntområde med vekslende botnforhold med sand, grus, stein og fjell. Straumbiletet i området blir dominert av den norske kyststraumen.

Det er godt utvikla tareskog i delar av området. Dette gjeld ytre (vestlege) del av Giskerevet mot Erkna og områda vest for Vigra. Den marine faunaen er ikkje godt undersøkt, men består av eit rikt mangfald av artar karakteristisk for grunne område med sand, grus, stein og fjell. Dette omfattar gravande former (m.a. mange artar av skjel) på sandbotn og fastsitjande former på stein og fjell. Tareskogen er habitat for ei rekke ulike fastsitjande og mobile artar.



Giske er eit spesielt gruntvassområde med store tidevatnareal og grunne parti med sandbotn og skjelsand. Verneverdiane er knytte til dei spesielle botnforholda med det rike og produktive plante- og dyrelivet representativt for naturtypene i området. Mange artar har ei særleg utbreiing.

Verneformålet er å ta vare på dei spesielle botnforholda og det tilhøyrande rike og mangfaldige plante- og dyrelivet karakteristisk for naturtypar i grunne område. Verneformålet inkluderer også å ta vare på botn og dyrelivet i djupare parti i tilknytning til gruntområda.

Avgrensing og privat eigedom

Utkast til avgrensinga av kandidatområdet for marint vern går fram av vedlagte oppstartsmelding. Det marine verneområdet vil støyte inntil eller overlappe med åtte eksisterande verneområde. Avgrensinga inn mot kysten varierer avhengig av om kystlinja allereie er verna eller ikkje. For eigedommar der strandsona blir omfatta av eksisterande vern etter naturmangfaldlova, blir grensa trekt ved middelhøgvasstand. Elles foreslår vi at grensa i hovudsak blir trekt *utanfor privat grunn*, dvs. frå marbakken eller 2 meter djupne der marbakke ikkje finst. Vernegrensa vil også bli trekt utanfor eksisterande hamneanlegg. Difor har vi ikkje sendt brev direkte til alle eigedommar som grensar til kandidatområdet, berre dei med eigedomar i eksisterande verneområde.

Melding om oppstart blir sendt til offentlege instansar, foreiningar og interesseorganisasjonar og til grunneigarar med areal i eksisterande verneområde i området. Om de veit om fleire som vil ha interesse av å få informasjon, eller lurar på noko, kan de gjerne kontakte oss på fmmrpostmottak@fylkesmannen.no eller på tlf. 71 25 84 00.

Verknader av kunngjeringa

I medhald av § 44 i naturmangfaldlova (tiltak ved igangsett saksbehandling) kan eit forvaltningsorgan utan vidare avslå ein søknad om løyve m.m. til eit tiltak i det føreslåtte kandidatområdet. Det kan berre gjevast løyve dersom tiltaket er utan nemneverdig betydning for verneverdiane i området. Når det er føreteke kunngjering etter § 42 i naturmangfaldlova kan offentleg myndigheit ikkje gi tilskot til tiltak i eit område som inngår i verneframlegget. Fylkesmannen kan gjere unntak frå dette dersom tiltaket er utan nemneverdig betydning eller er positivt for framlegget. Avgrensinga gjeld for fire år etter at oppstarten er kunngjort. Departementet kan forlenge avgrensinga med maksimum to år til.

Prosess

Fylkesmannen legg opp til følgande hovudpunkt i den vidare saksbehandlingsprosessen:

1. Fylkesmannen i Møre og Romsdal oppsummerer innspela til oppstartsmeldinga.
2. Det blir oppretta ei arbeidsgruppe med lokale brukarar for arbeidet med marint vern.
3. Gjennomføring av opne informasjonsmøte.
4. Fylkesmannen utarbeider, i samråd med arbeidsgruppa, eit forslag til marint vern.
5. Oversending av forslaget til Miljødirektoratet for fagleg gjennomgang.
6. Etter den faglege gjennomgangen utarbeider Fylkesmannen, i samråd med arbeidsgruppa, et framlegg for marint vern som blir sendt ut på ei brei offentleg høyring.
7. Fylkesmannen oppsummerer høyringsfråsegner og gir ei tilråding til Miljødirektoratet.



8. På bakgrunn av høyringsfråsegner og tilrådinga frå Fylkesmannen, utarbeider Miljødirektoratet ei tilråding som blir sendt Klima- og Miljødepartementet (KMD).
9. KMD samrår seg med dei andre departementa, og endeleg vedtak blir fatta av Kongen i statsråd.

Det er såleis Regjeringa som gjer eit eventuelt vernevedtak ved kongeleg resolusjon, der verneforskrifta med tilhøyrande vernekart er dei juridisk bindande dokumenta.

Informasjonsmøte

Vi inviterer alle partar og interesserte til informasjonsmøte i samband med oppstartsmeldinga. **Møtedato er 13. mai på Giske rådhus kl. 16:30-19:30.** På møtet vil Fylkesmannen orientere om arbeidet med marint vern, og det vil bli høve til å stille spørsmål og kome med kommentarar.

Innspel

Alle som ønskjer det er velkomne til å ta del i høyringa, og vi oppmodar alle partar om å kome med innspel. Innspel kan du sende til:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal Postboks 2520, 6404 Molde eller vår e-postadresse fmmrpostmottak@fylkesmannen.no. Merk saka med «Marint vern Giske». Vi gjer merksam på at Fylkesmannen har ein offentleg postjournal og alle innspel blir registrerte i vår postjournal.

Vi seier oss leie dersom det viser seg at det er partar som ikkje er komne med på adresselista, og vi vil gjerne få tilbakemelding om eventuelle feil og manglar ved lista. Frist for å kome med innspel til oppstartsmeldinga er **16. mai 2019**.

Med helsing

Ola Betten (e.f.)
fagansvarleg

Bjarte Benberg
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Oppstartsmelding - omtale av området - marint vern i Giske kommune
- 2 Adresseliste – epost
- 3 Adresseliste - grunneiere